

Pressemelding, 19. juli 2017

Hovudopptaket til høgare utdanning 2017.

Samordna opptak (SO) sender i hovudopptaket 2017 ut 94 101 tilbod om studieplass. Dette er 2 328 fleire tilbod enn i 2016, ei auking på 2,5 %.

Av 134 330 søkjarar, er 117 488 kvalifiserte for minst eitt studium (+4,4 % frå 2016). Av dei kvalifiserte søkjarane har 80 % fått tilbod om studieplass. Til samanlikning var prosentdelen i 2016 81,6 %. Blant dei som får tilbod om studieplass, får 55 598 (59 %) tilbod på sitt høgaste prioriterte studieønske. Dette er ei endring frå 2016, der tilsvarande tal var 55 415 (60,4 %).

– 94 101 søkjarar har fått tilbod om studieplass i hovudopptaket. Vi er fornøgde med å kunne sende ut tilbod til så mange av dei som har søkt høgare utdanning gjennom Samordna opptak, seier Geir Sverre Andersen, avdelingsleiar i CERES - Nasjonalt senter for felles system og tenester for forskning og studium.

I årets hovudopptak blir 38 386 av tilboda gitt til menn, medan 55 715 tilbod blir gitt kvinner. Dette gir ein kvinneandel på 59,2 %, - ein marginal nedgang frå 2016 (59,4 %). 59,6 % av den eksisterande studentbefolkninga er kvinner.

77,4 % av årets søkjarar hadde elektroniske vitnemål lagra i Nasjonal vitnemålsdatabase (NVB). Dette gir grunnlag for automatisk kvalifisering og poengberekning av søknader og ei raskare og sikrere søknadsbehandling. Totalt er det 833 773 vitnemål importert i NVB per juli 2017.

Overbooking

Det blir sendt ut fleire tilbod enn talet på studieplasser som er planlagt. Erfaring viser at mange takkar nei til studieplass eller let vere å møte opp ved studiestart. For å få fylt opp studieplassane, er såkalla overbooking nødvendig på mange studium. I 2016 svarte 69,5 % av søkjarane ja til det tilbodet dei hadde fått om studieplass. 60,1 % blei til slutt registrert som møtt. I år er det planlagt 55 831 studieplassar, 645 fleire enn i 2016.

Endringar frå 2016

Blant dei større utdanningstypene er det størst prosentvis auking i tilbodet til lektor (12,6 %), teknosivil ingeniør (12 %) og informasjonsteknologi (11,9 %). Nedgangen i tilboda er størst på helsefaglege utdanningar radiograf (11,5), farmasi (10,5 %) og odontologi (8,6 %).

Svar på tilbod i hovudopptaket

Søkjarar som har fått tilbod om studieplass eller ventelisteplass, har frist til 26. juli med å svare på www.samordnaopptak.no. Dersom ein ikkje har svart innan fristen, blir dette betrakta som nei-svar.

Ledige studieplassar

Oversikt over studium med ledige plassar blir lagt ut på våre nettsider tysdag 19. juli klokka 09.00. Det vil vere mogleg å søkje på studia frå 20. juli kl. 09.00. Alle kvalifiserte søkjarar kan søkje på ledige studieplassar, uavhengig om dei har søkt tidlegare i år.

Kontaktinformasjon

Meir informasjon om søking til høgare utdanning får du ved å kontakte lærestadane eller Samordna opptak: <http://www.samordnaopptak.no/info/kontakt/>

Statistikk for hovudopptaket 2017 blir lagt ut klokka 11.00 onsdag 19. juli på

<http://www.samordnaopptak.no/info/om/sokertall/sokertall-2017/index.html>